

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0164	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
<b>Prosjektnavn</b>	Søknad frå Øykjaskoro Vel - til kvilehytte			

### Kort beskrivelse

Hovudmålet til Øykjaskoro Vel er å skapa trivsel i nærmiljøet, med fokus på tiltak som fører til eit godt sosialt miljø. Me bygde eit Lysthus, i enden av ein mykje brukt turveg i 1994 og dette har vore mykje brukt av både fastbuande og turistar. Her har me også hatt mange koselige tilskipingar gjennom åra. No ynskjer me å byggja eit minilysthus ved ei turløype som me har fått merka.

### Prosjektbeskrivelse

Kvilehytta er ca.10 m2 og ligg ved eit lite tjern som heiter Korsfjorden. Her er det flott vegetasjon. Om vinteren legg det seg is på vatnet og er ein populær skøytebane. Her tek Tysnes Skule ungane med på tur slik at dei får gå på skøyter. Denne ligg litt høgt over havet og me vert nøydd til å bruka helikopter til transport av matrielar. Derfor vert prisen noko høg i forhold til bygningen.

Tiltaket er godkjent av Tysnes Kommune.

Dette er ei, ikkje altfor tung turløype som passar både for små og store.

Huset/hytta er kostnadsrekna til kr 62274 Me har litt pengar men alt for lite, derfor håpar me på litt støtte frå Fylket enten stort eller lite, men me vert skuffa om me ikkje får noko.

Beste helsing  
Ingrid Sunde  
Leiar Øykjaskoro Vel

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Øykjaskoro Vel Org.nr:912 592 219	Sjoarvegen 1 5680 TYSNES	90092645
<b>Kontakt- person</b>	Ingrid Sunde	Sjoarvegen 1 5680 TYSNES	90092645
<b>Prosjekt- leder</b>	Oddvar Sunde	Sjoarvegen 1 5680 TYSNES	95072114

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

### Spesifikasjon

**Bakgrunn**

Øykjaskoro Vel er ein velforeining, for Teigland, Ve og Våge området på Tysnes med 80 betalande husstandar som medlemar. Me kunne vore mange fleir. Kvar husstand betalar kr 150,00 i medlemskontingent.

Me har eit styre som ser slik ut: Ingrid Sunde (leiar) Ingrid Haaland (nestleiar) Monica Reimdal (kasserar) Rita Teigland (skrivar) og styremedlemmar Bente Røed og Tore Ve.

Hovudmålet til Øykjaskoro Vel er å laga trivsel i nærmiljø med fokus på tiltak som fører til eit godt sosialt miljø.

Her er nokre av tiltaka me jobbar med:

Jonsokfeiring med stort bål,leikar,quis og ikkje minst fin trekkspelmusikk på bryggekannten. Her er heile bygda med.

Me har laga fine turløyper med skilting av ulik vanskelig grad. Dette til glede for både liten og stor.

Leikeplassen i området er der me som har ansvaret for. Dette betyr rydding og vedlikehald av leikeutstyr, samt klyppa plenen/graset i summerhalvåret. Ellers har me bord me bord og benkar som står rundt i nærmiljøet. Desse er mykje brukt. Dette koster også litt arbeid med beising og slåing rundt der benkane står.

Me inviterte alle medlammar i Øykjaskoro Vel fot temakveld i vinter. Temaet var: Korleis ta vare på eiga helse. Kosthaldsrettleiing og mosjon. Eit vellukka prosjekt der mange deltok. Dette meiner me er god folkehelse.

### **Prosjekt mål**

Målet er å få så mange som mogeleg ut i naturen og me meiner at kvilehytta kan vera ei gulrot på vegen. Her kan ungane setja seg ned og eta nista si og dei eldre kan ta seg ein kvilepause samt nyta den vakre naturen.

Ikkje minst er denne plassen mykje brukt av Tysnes Skule som skeisebane om vinteren.

### **Forankring**

Me har fått godkjenning frå Tysnes Kommune til denne kvilehytta/lysthus og ikkje minst velvilje frå grunneigarane av området.

Sender som vedlegg ein uttale frå Tysnes kommune v/ rådmann Steinar Dalland

### **Prosjektorganisering**

Prosjektleiar er Oddvar Sunde som har drive entreprenør verksemd i 40 år.

Han hadde også ansvaret for det fyrste lysthuset i Øykjaskåro i 1994. Han har også hatt mange oppdrag for Tysnes Kommune, byggefelt m.m og for Hordaland Fylkeskommune grunnarbeidet til Tysnes Sjukeheim i 1978.

Elles er det 3-4 andre dyktige menn som har sakt seg villjuge til å arbeida dugnad.

### **Samarbeidspartnere**

Godt samarbeid med Tysnes Kommune utan økonomisk bidrag.

Elles har me har eit godt samarbeid med alle innbyggjarane i området og spesielt grunneigarar i området der kvilehytta skal stå.

### Aktivitetar

Denne kvilehytta/lysthuset skal byggjast på dugnad. Det er eigentleg eit tak med levegger og benker til å kvila føtene på.

Håpet er at me får fleire ut i naturen og at kvilehytta kan verta ein samlingsstad.

### Målgrupper

Målgruppa er alle som bur i Tysnes Kommune, primært dei som bur i Vågeområdet, pluss Tysnes Skule.

Turløypa høver godt for både store og små.

Det vert invitert til dugnad under byggearbeidet og til vedlikehald i ettertid.

### Resultat

God mosjon gir god folkehelse. Ein slik samlingsstad som kvilehytta vil verta gir gode sosiale relasjonar. Dette fører også til betre helse.

Vanskelig å skildra resultat for denne type aktivitetar men på sikt kan dei verta målbare.

### Effekter

Dersom kvilehytta vert nytta på ein slik måte me trur og som me allereie ser no ser ved bruken av området, vil dette gi gode resultat.

Me har gode erfaringar med eit liknande prosjekt byggt i 1994.

PS sjå vedlegg, lysthuset Andlavågen.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Planlagt oppstar laurdag 14.05.16 og prosjektet skal vera ferdig med stor fest laurdag den 27.08.16

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
						0
Eigeninnsats/dugnad	24 000					24 000
Helikopterleiga	15 000					15 000
Leiga av fjellboremaskin	1 500					1 500
Skruer,spikar, beslag m.m.	3 000					3 000
Søknadsgebyr	1 000					1 000
Torvtak	6 000					6 000
Trematerialer	8 774					8 774
Uforutsette kostnader	3 000					3 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>62 274</b>					<b>62 274</b>

### Finansieringsplan

<b>Tittel</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>SUM</b>
Eigenkapital	47 274					47 274
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	15 000					15 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>62 274</b>					<b>62 274</b>

## Geografi

1223-Tysnes

## Vedleggsliste

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
img044.jpg	115 008	13.09.2015
img049.jpg	131 547	27.09.2015
img108.jpg	1 415 419	13.09.2015
INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ØYKJASKÅRO VEL.docx	377 318	13.09.2015
Kostnadsoverslag for Kvilehytta.docx	13 815	13.09.2015